



## Notat

Dato: 11.01.2018  
Arkivsak: 2015/11453-114  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Revisjon ved Fagskolen i Hordaland

Av brev datert 12.12.2017 melder NOKUT om følgjande vedtak i samband med revisjon av utdanningane bygg og elkraft ved Fagskolen i Hordaland:

«Fagskoleutdanningene elkraft og bygg ved Fagskolen i Hordaland oppfyller alle krav i fagskoletilsynsforskriften. Godkjenningen for elkraft og bygg opprettholdes».

I brevet frå NOKUT (sjå vedlegg) følgjer også revisjonsrapporten som syner prosessen frå start til slutt. Siste del av rapporten (del 2) gjev ei oversikt over svara fagskulen leverte 6. november 2017 som var siste opprettingsfrist. Deretter kan ein lese NOKUT si vurdering av svara.